



landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Dato: 08.04.2015  
Vår ref.: 2015/3742-2  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.:

## **Til uttale - søknad om byggjing av landbruksveg - gnr 48 bnr 3 - Radøy kommune**

Vi viser til brev datert 27.03.2015 i samband med søknad om byggjing av landbruksveg på gnr. 48, bnr. 3 i Radøy kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Like nord for det omsøkte tiltaket blei det funne eit kvartsbryne frå steinalder (Askeladden id. 90670), men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Per Morten Ekerhovd  
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*